

# OSTERØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Delegert vedtak formannskapet	28.03.2011	111/11	MIH
Plan- og kommunalteknisk utval	07.03.2012	012/12	THE

Saksansvarleg Torbjørn Helgeland	Arkiv: GBN-32/2,3 Objekt:	Sak ID 10/1202
-------------------------------------	------------------------------	-------------------

### **32/2 OG 3 - SKISTAD - SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM - FRÅDELING AV BYGD BUSTAD OG ANLEGGSSAREAL - DISPENSASJON**

Heimelshavar: Harry Bernt Skistad, Skistad, 5282 Lonevåg.

Kjøpar: Harry Bernt Skistad, Skistad, 5282 Lonevåg.

Søknaden motteke: 14.05.2010 og 28.04.2011.

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

**”I medhald av plan- og bygningslova (PBL) 2008 § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel jf. PBL § 11-6 og 11-7.**

**Delingssaka vert handsama administrativt.”**

#### **07.03.2012 PT-012/12 UTVALET SI HANDSAMING:**

##### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FAKTA**

Det vert synt til søknad med vedlegg motteke 14.05.2010 og 28.04.2011. Parsellen er på omlag 4,1 daa. Naboar er varsla.

Saka er handsama administrativt 28.03.2011 saksnr. 111/11 etter jordlova.

Arealet ligg i LNF- område i arealdelen til kommuneplanen med dele- og byggjeforbod.

##### **RÅDMANNEN SI VURDERING**

Det er søkt om frådeling av om lag 4 daa med bustadbygg og to bygg for større kjøretøy. Søkjar vil overføra garden til neste generasjon som vil driva garden medan transportbedrifta skal fortsetja drifta frå bygningssmassen som er etablert.

Ved jordlovshandsaminga er det gjeve løyve til frådelinga på vilkår av at det gamle våningshuset og tilhøyrande garasje ligg att på bruket.

Det vert vurdert at fordelinga ved å dispensera frå planen veg meir enn føremålet til bestemmelsane i lova/planen i denne saka, jf. plan- og bygningslova § 19-2, 2. avsnitt.

Det vert synt til handsaminga etter jordlova og rådmannen tilrår at dispensasjon vert gjeve då ein ikkje kan sjå at arealomsyna som kommuneplanen skal ivareta direkte vert råka.

Dato for saksutgreiing: 01.02.2012.

Trykte vedlegg: Søknad motteke 28.04.2010.  
Administrativt vedtak sak 111/11 av 28.03.2011.  
Kommuneplankart over arealet.